

---

**Fra:** trondrb@gmail.com på vegne av Trond R Bjørstad  
<trond.bjorstad@gmail.com>  
**Sendt:** 25. februar 2014 22:34  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** Birthe Kråkenes Bjørstad  
**Emne:** Klage på eigengodkjent områdeplan for tunnel på fv 57, Knarvik- Isdalstø  
**Vedlegg:** Klage på eigengodkjent plan for tunnel på fv 57 Knarvik-Isdalstø\_Bjørstad.pdf;  
Kommentar\_til\_omradeplan\_for\_fv57\_datert\_2012-12-02.png

Vedlagt er klage i pdf-format for utskrift.  
png-bildefil er kopi av forrige brev i sendte i saka.

Tekstversjon av klagen er limt inn under:

-----Tekstversjon-----

Fylkesmannen i Hordaland

og

Lindås Kommune

v/plan og miljøutvalet

Kvernhusmyrane 20

5914 Isdalstø.

Trond R. Bjørstad og Birthe K. Bjørstad

Orresteinen 33

5916 Isdalstø 25.02.2013

Klage på eigengodkjent områdeplan for tunnel på fv 57, Knarvik- Isdalstø

Syner til motteken melding om den godkjente områdeplanen for tunnel på fv 57, Knarvik- Isdalstø, datert 31.01.2013. Ved forrige høyring i saka sendte vi inn klage på plassering av tunnellopet, då dette går rett inn i vår eksisterande energibrønn. Sjå vedlegg for kopi av klage. I klagen ynskte vi å flytte tunnellopet vekk frå energibrønna.

I den nyleg utsendte meldinga om eigengodkjent områdeplan kan vi ikkje sjå at vår klage er kommentert eller teken hensyn til på nokon måte.

Vi er ikkje oppført under «private merknadar til områdeplan for tunnel på fv 57 Knarvik- Isdalstø». Tunnelløpet går framleis rett inn i energibrønnen. I tillegg ser det for oss ut som det er teikna inn ei opning mellom dei to tunnellopa, og at denne ligg rett under vår bustad og akkurat der energibrønnen ligg. ( Gnr/bnr. 185/307)

Vi vil difor framleis påklage plassering av tunnellop og etterlyser eit svar på korleis de har tenkt å løyse dette.

Ei komprimissløyising vil kunne vere at energibrønnen kan gå i fjellet mellom dei to tunnellopa, men dette fordrar at det ikkje er noko opning mellom dei to tunnellopa rett under eignedomen vår. Ei slik løysing vil innbere at ein må bore energibrønnen djupare, slik at det kompenserer for tapt effekt frå energibrønnen. Dersom tunnelen passerer svært nær energibrønnen vil grunnvassforholda verte endra, ein må difor bore djupare for å få kontakt med nok vatn. Det er vanskeleg å forutsjå effekten av ulike forslag, og vi ynsker difor ei forsikring om at de tek på dykk kostnadane med å bore ein djupare brønn, samt komplettere denne og kople den til det vannbårne varmpumpesystemet vi har i dag. De må hente inn fagfolk (f.eks Lindås Rør og Sanitær A/S og Vestnorsk Brunnboring A/S som vi har brukt til vår installasjon) for å vurdere kor mykje djupare ein må bore. Eventuelle skadar på tun (belegningsstein, etc.) pga. slikt arbeid må også rettast opp slik vi ikkje lir nokre økonomiske tap pga. dette.

Med venleg helsing

Trond Rognebakke Bjørstad og Birthe Kråkenes Bjørstad

-----

--

Mvh

Trond Rognebakke Bjørstad

Orresteinen 33

5916 Isdalstø

mobil 40040278